



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

13.02.2023

Vår ref:

2023/597

Dykkar dato:

Dykkar ref:

202217587

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til melding om Havsgård mikrokraftverk i Bjørnafjorden kommune

Statsforvaltaren tilrår at eventuell førekomst av sjøaure, og naturmiljø langs elva som kan bli påverka av ei utbygging, blir kartlagt.

Vi viser til oversendinga 10.1.2023 som gjeld førehandsvurdering av konsesjonsplikt for Havsgård mikrokraftverk.

Bakgrunn

Det er planlagt eit kraftverk i Hafskorelva med inntak på kote 93, det det skal byggjast ein steindam med magasin på om lag 80 kubikkmeter. Frå inntaket skal det leggjast 603 meter lang nedgraven rørgate, ned til kraftstasjon på kote 10. Maksimalt vassuttak er på 57 prosent av middelvassføringa, og planlagt minstevassføring tilsvarar den alminnelege lågvassføringa. Estimert årleg energiutbytte er på 0,06 GWh.

Ei konsesjonspliktvrdering gjeld effektar av vassdragstiltaket. Ved eit eventuelt konsesjonsfritak skal kommunen vurdere arealinngrep utanfor vassdraget, i deira handsaming etter plan- og bygningslova.

Vår vurdering

Det er omtalt i meldinga at ein foss 200 meter ovanfor planlagt kraftstasjon er eit vandringshinder, men det går ikkje fram om dette er første vandringshinder frå sjøen eller ikkje. Ut frå kart ser det ut som om dette kan vere vandringshinder for sjøaure, og i så fall er delar av utbyggingsstrekninga sjøaureførande.

Det ligg ikkje inne registreringar i Naturbase av raudlisteartar eller viktige naturtypar i eller langs elva på den aktuelle strekninga. Vi reknar med at det heller ikkje har vore kartlagt. Vurdert ut frå kart kan det sjå ut til at det kan vere fuktig miljø langs elva på delar av strekninga. Dette kan indikere eit potensial for krevjande artar. Vi vil minne om at rennande vatn inngår i naturtypen [elvevannmasser](#) i raudlista for naturtypar frå 2018, og er sett i raudlistekategorien nær truga (NT). I Artsdatabanken er det påpeika at særleg bekkar i låglandet er utsette for påverknad. Resterande bekkeløp har dermed fått auka verdi, for mellom anna insekt og vasstilknytte fugleartar som fossefall, vintererle og strandsnipe.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Planlagt vassuttak er godt innafor rammene av det som er vanleg for kraftverk som blir bygt i dag. På grunn av den moderate vassutnyttinga vil elva oppretthalde ein god del dynamikk, og vil dermed vidareføre eit visst livsgrunnlag for artar som lever i og ved elva. Ei utbygging kan likevel få konsekvensar for ein eventuell førekomst av sjøaure, og vil kunne påverke vassstilknytt naturmiljø negativt. Førekomst av sjøaure bør dermed kartleggjast, og eventuelle konsekvensar av ei utbygging bør vurderast. Det bør òg gjennomførast ei enkel naturmiljøkartlegging langs elva.

Vassdrag og kantvegetasjonsbelte er sentrale landskapselement, og fossefall har ofte stor verdi. Den låge naturlege vassføringa, og skog langs elva, tilseier at elva truleg har avgrensa landskapsverdi utanom frå nærområdet ved elva. Vi reknar med at Bjørnafjorden kommune vurderer eventuelle lokale friluftsverdiar i saka.

Vi legg til grunn at det blir stilt krav om at ei eventuell utbygging skal skje med minst mogleg inngrep i naturmiljø og dyrka mark, og at området skal stellast til att i tråd med moderne prinsipp.

Vi legg òg til grunn at tekniske installasjonar blir plassert slik at dei er mest mogleg verna mot skred og flaum, for å unngå skade på både personar og materielle verdiar.

Vi viser elles til forureiningslova § 7 med generelle reglar om å unngå forureining.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Vestland fylkeskommune
Bjørnafjorden kommune

Postboks 7900
Postboks 24

5020
5649

BERGEN
EIKELANDSOSEN